

**Moberg hadde god debut**

01.07.2010

**Den ivrige syklisten Asle Moberg (45) frå Uskedalen debuterte i Den Store Styrkeprøven.**

**Han klarte seg bra og kom inn på respektable 21 timar og 38 minuttar og er godt nøgd med både gjennomføringa og opplevinga.**

Han vart ikkje meir skremt enn at har lyst til å prøva igjen neste år. I så fall håpar han at fleire frå Kvinnherad blir med.

Til Grenda seier Asle at han sykla mykje åleine og måtte gjera det meste av jobben sjølv.

Motvinden tappa ein godt trent kropp for mykje krefter over Dovre. Men han hadde mykje å gi på dei siste 10 mila. Då passerte han mange.